

Vellukka museumsdag med tradisjon og nyskaping.

20.08.2007

**Det var svært godt frammøte på museumsdagen på Rødtunet søndag. Talet på frammøtte vart anslått til vel hundre, og publikum fekk oppleva eit innhaldsrikt program på denne tradisjonsrike museumsdagen.**



Kan brukast til det meste: Kristian var organist på trøorgel under gudstenesta

Gudstenesta var første post på programmet, og på grunn av trugande regnbygger vart denne flytta innandørs. Det var Jan Ove Totland, soknepresten i Husnes prestegjeld, som heldt preika medan "bygdetunet personleg" Kristian Bringedal trakerte trøorgelet og var organist under gudstenesta. Sjølvsagt var det dei gamle, kjende og kjære salmane som vart nytta under denne gudstenesta. Desse saknar vi ofte under dei tradisjonelle gudstenestene. Der har dei ofte måttu vika for nye, meir ukjende, men fine salmar.

I samband med museumsdagen i år har det vore sett fokus på Stranda-målarane. I eine stova var det stilt ut i overkant av femti av desse måleria som har pryda så mange heimar også her i distriktet. Etter gudstenesta orienterte Kristian Bringedal om historia til desse måleria. Levande og interessant slik vi veit han kan!



Kvinnherad Spelemannslag: vakkert og stemningsfullt.

Etter dette rigga Kvinnherad spelemannslag seg til i den andre stova. I sitt rette element imponerte denne musikargruppa, og med mellom anna polka- og reinlendertakt skapte dei den rette stemninga i stova også i år. Det var tydeleg at publikumsette pris på dette.



Sokneprest Jan Ove Totland heldt først preika før han gjekk ut og imponerte på stylter. Napp i vandrepokalen vart sikra.

Utandørs var det og aktivitet. Kverna var sikra god vassføring, og det var interessant både for unge og eldre å sjå korleis mjølet vart til i tidlegare tider.

Kvinnheradsmeisterskapen på stylter har vore med på museumsdagen heilt frå starten. Sjølv om det var få deltakarar, var det høgt nivå på dei som deltok. Aller mest imponerte den tidlegare nemnde soknepresten, Totland. Han sikra seg sitt første napp i vandrepokalen då han vann herreklassen i hard konkurranse med Geir Enes og Audun Eik. Siv Hanne Kjærland vann jenteklassen også i år.



Huldrane trollbatt publikum med forteljing og song, dans og teater.

I den siste timen av programmet vart publikum meir kjent med huldra og det svenske søskenhavet til huldra, vittra. Velkjende Maria Malmsten og dansaren Magdalena von Gniste, begge opphavleg frå Värmland, trollbatt publikum i den timen programmet varte. Dei yngste var heilt oppslukte, og dei eldre kosa seg like mykje gjennom programmet. – Ditta va fantastisk! Eg fekk huldro midt på fanget eg! kom det frå eldstemann, ein fornøgd Sigvald Eik, etter programmet. Begge kunstnarane imponerte. Maria bidrog som vanleg med si imponerande songrøyst. I tillegg imponerte ho storleg som ein levande forteljar. Magdalena krydra det heile med uttrykksfull dans som innheldt både presisjon, intensitet og humor. Publikum sette stor pris på kontakten med den vakre huldra.

Til dei som ikkje var til stades; de gjekk verkeleg glipp av ei flott oppleving. Eit tips kan vera at de kan oppleva dei to huldrane på Hatlestrand komande fredag.

Elles viste førestillinga til fulle at Rødtunet er ein svært så veleigna scene for friluftsteater.



Friluftsscenen vart utnytta til fulle. Magdalena dansar på taket medan Maria syng for publikum.

God mat høyrer med på ein museumsdag. Ungdomslaget stod også i år for serveringa. Rjomegraut, vafler og kaffi var noko av det som stod på menyen. Maten fekk, som resten av programme,t mange velfortente lovord denne søndagsettermiddagen.

Foto: Tormod Myklebust og Thor Inge Døssland

Tekst: Thor Inge Døssland.